



Ingvar Fanebust
Fonnebostvegen 156
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2203 - 17/20274

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
04.07.2017

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 106/7, 106/9, 106/11 og 106/164 Fanebust

Det er sendt inn søknad om etablering av tilkomstveg til naust, samt parkeringsplassar. Etablering av vegen er utført. Vegen er ca 77 meter lang. I søknaden er det vist etablering av parkeringsplass på gbnr 106/9 på 5x5 meter og på 8x20 meter på areal som går på gbnr 106/7 og 106/164.

Planstatus

Eigedommane ligg i område avsett til landbruk, natur og friluftsføremål i kommuneplanen sin arealdel og kjem i konflikt med byggegrensa i 100 meters beltet langs sjø i pbl § 1-8.

Tiltaka krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i pbl § 1-8.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 28.06.2017, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanens arealdel og § 1-8 i plan- og bygningslova vedkomande byggjeforbod i strandsona for etablering av tilkomstveg.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav l vert det gjeve avslag på søknad om etablering av tilkomstveg.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saksframlegget med vedlegg er vedlagt.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril Sylta på e-post siril.sylta@lindas.kommune.no eller på telefon 40 91 08 80.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon og løyve til etablering av tilkomstveg og parkeringsplassar - gbnr 106/7, 106/9, /11 og 106/164 Fanebust

Informasjon om gravearbeid i LNF område ved Naustneset på Fanebust
kart og bilde

Førespurnad om moglege ulovleg etablert veg - gbnr 10611 og 1067 Fanebust

Synfaring 16.09.16

Kvoter

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 106/7 og 11 Fanebust

Nabovarsel

Byggjesøknad/ dispensasjon på veg nr 3 på Naustneset

Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 106/11 Fanebust

Lindås - Gnr 106 bnr 11 - Fanebust - Etablering av veg

Uttale - Dispensasjon - Fv. 400 - Gbnr 106/11 Fanebust

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

Mottakarar:

Ingvar Fanebust	Fonnebostvegen	5955	LINDÅS
-----------------	----------------	------	--------

Mottakarar:

156